

## ***Protokoll frå møte i Vest-Telemarktinget 29. mars 2011.***

### **Sak 7/2011 Opprop.**

19 av i alt 24 representantar var tilstades. Desse var:

Fyresdal kommune: Varaordførar Annveig Veum Aas, rådmann Ketil Kiland,  
Nils Kristian Moe, Saamund Gjersund

Kviteseid kommune: Ordførar Torstein Tveito, rådmann Hans Bakke, Olav Mosdøl

Nissedal kommune: Ordførar Anne-Nora Oma Dahle, rådmann Sverre Sæter, Frank Lien,  
Astrid Eidem Nordal

Seljord kommune: Rådmann Per Dehli, Jon Svartdal

Tokke kommune: Ordførar Olav Urbø, rådmann Therese Hauger

Vinje kommune: Ordførar Arne Vinje, rådmann Hans Kristian Lehmann, Aslak Ofte,  
Børre Rønningen

I tillegg møtte regionrådsleiar Kjell Gunnar Heggenes

### **Sak 8/2011 Godkjenning av innkalling og sakliste, val av møteleiar.**

*Vedtak: Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent. Til møteleiar vart vald Anne-Nora Oma Dahle.*

### **Sak 9/2011 Val av 1 person til å skrive under protokollen i lag med regionordførar.**

*Vedtak: Til å skrive under protokollen i lag med regionordførar vart valt Arne Vinje.*

### **Sak 10/2011 Strategisk Næringsplan 2011 – 2014.**

Det låg føre forslag til Strategisk Næringsplan 2011 – 2014 for Vest-Telemark. Haldor Kaasin orienterte innleiingsvis om innhaldet i planen. Under ordskiftet drøfta Tinget endringar i kolonna for ”utvikling” på sidene 5 – 7, og eit forslag om å sløyfe denne kolonna og legge til ei innleiande setning om at Vest-Telemarkrådet er ansvarleg for utvikling av alle tiltaka vart vedteke med 15 røyster.

*Med desse endringane vart det framlagte forslaget til Strategisk Næringsplan 2011 – 2014 for Vest-Telemark samrøystes godkjent.*

**Sak 11/2011 Tiltaksretta handlingsplan for landbruket i Vest-Telemark 2011 – 2014.**

Det låg føre forslag til Tiltaksretta handlingsplan for landbruket i Vest-Telemark 2011 – 2014 med tilrådde endringar frå Vest-Telemarkrådet. Hans Bakke orienterte innleiingsvis om innhaldet i planen. I samband med ordskiptet vart det semje om fylgjande endringar:

- Side 5: Meir offensiv ordlyd i samband med eit vidare levande landbruk
- Side 11: Mattilsynet skal først opp som instans innan offentleg forvaltning. Vidare skal *"private foredlingsverksemder"* føyast til under punkt 2 i avsnittet "Oppgåver på kort sikt".
- Side 18: Under overskrifta *"Utvikling og rådgjeving tilleggsnæring"* legg ein til eit punkt *1.4.4 Kortreist mat*. Vidare legg ein til *"Felles driftsplanleggar for Vest-Telemark"* under kulepunktet som omtalar målsetjinga om å sikre fagleg rådgjeving.
- Side 24: Som nytt tiltak 2.3 legg ein til eit punkt om landbruksvikar.

*Vedtak: Vest-Telemarktinget vedtek tilrådinga frå Vest-Telemarkrådet med endringane som går fram av referatet.*

Vest-Telemarktinget 29. mars 2011

---

Anne-Nora Oma Dahle  
Regionordførar

---

Arne Vinje